



Hyllene er fylt opp med julkjeks hos Elin`s Matgleder.

Elin Enes fortel at ho har hatt etterspørsel etter julabrød frå mange, og derfor står julabrødbaking på programmet hos Elin`s Matgleder i morgon, laurdag. Ho reknar med å ha brøda klare kl. 11 og skal ha ope fram til kl.15. I tillegg har ho eit imponerende utval i julkjeks.



Julabrøda er klare!

- Ja, i dag var eg ferdig med sort nr.15, fortel Elin, og dermed kan ein trygt sei at hyllene bugnar! Her skulle det ikkje vere problem å finne dei 7 sortane som skal til til jul!

For dei som ønskjer glutenfritt, har ho den gledelege meldinga at 7 av dei 15 sortane er fri for gluten.

Elles kan ho fortelje om svært godt salg av kokeboka. No har ho nett fått inn ny behaldning, men likevel kan ho ikkje garantere at ho har nok heilt fram til jul. Det må jo vera ei flott julegåve!



Sort nr.15 er klar - dekorative og gode Tyske blomar.

Av: Thor Inge Døsland.